

NIVA – RAPPORT

Norsk institutt for vannforskning  NIVA

Hovedkontor Postboks 69, Korsvoll 0808 Oslo 8 Telefon (02) 23 52 80 Telefax (02) 39 41 89	Sørlandsavdelingen Televeien 1 4890 Grimstad Telefon (041) 43 033 Telefax (041) 43 033	Østlandsavdelingen Rute 866 2312 Ottestad Telefon (065) 76 752 Telefax (065) 78 402	Vestlandsavdelingen Breiviken 5 5035 Bergen-Sandviken Telefon (05) 95 17 00 Telefax (05) 25 78 90
--	---	--	--

Prosjektnr.: O-90023
Undernummer:
Løpenummer: 2635
Begrenset distribusjon:

Rapportens tittel: Kystzoneplan for Austevoll Planframlegg 1991.	Dato: 20.09.91
	Prosjektnummer: O-90023
Forfatter (e): Jan Sørensen. Håvard Bakke (NIVA-Vestlandsavdelingen).	Faggruppe: VRF
	Geografisk område: Austevoll
	Antall sider (inkl. bilag): 42

Oppdragsgiver: Austevoll kommune.	Oppdragsg. ref. (evt. NTNf-nr.):
---	----------------------------------

Ekstrakt: <p>Framlegg til kystzoneplan for Austevoll er utarbeidd med heimel i plan- og bygningslova og vil verte rettsleg bindande etter politisk godkjenning i kommunestyret. Formannskapet i kommunen har vore styringsgruppe for arbeidet, meden ei oppnemd prosjektgruppe har hatt hovudansvar for fagleg rådgjeving og innspel. Dei ulike etatane på fylkesnivå og fleire interesse-organisasjonar har og delteke aktivt i planlegginga. Planen er fokusert kring arealavklåring i sjøområda der m.a. fiskeri- og akvakulturnæringa og friluft- og naturverninteressane spelar sentrale roller.</p>
--


4 emneord, norske:

1. Kystzoneplan
2. Akvakultur
3. Konfliktavklåring
4. Arealdisponering

4 emneord, engelske:


1. Coastal zone
2. Aquaculture
3. Conflicts
4. Area planning

Prosjektleder:



Jan Sørensen

For administrasjonen:



Dag Berge

ISBN 82-577-2022-4

KYSTSONEPLAN FOR AUSTEVOLL

Planen omfattar følgjande dokument:



1. Tekstdel.
2. Arealplan - kart, målestokk 1:35 000.
(Arealkartet er i tekstdelen forminska - original
utgåve er tilgjengeleg frå teknisk etat)

Dette dokument er: 1. Tekstdelen.

FORORD

Framlegg til kystsoneplan for Austevoll er ei vidareføring av det planarbeid som tidlegare er gjennomført i sjøområda i kommunen og eit tillegg til kommuneplanen.

Ei fagleg prosjektgruppe med representantar frå administrasjonen og dei ulike offentlege etatane i kommunen har vore rådgjevande organ for formannskapet/styringsgruppa som har hatt det overordna ansvar for planutforminga. Planframlegget er utført i nært samarbeid med instansar på fylkesnivået. Fleire interesseorganisasjonar har lagt ned eit betydeleg arbeid. Ein vil i den samanheng særleg trekkje fram den innsatsen som fiskarlag og oppdrettarlaget i Austevoll har gjort.

Norsk institutt for vannforskning - NIVA har vore konsulent i planarbeidet.

Ein vil nytte høve til å takke alle dei som med stor interesse og innsatsvilje har teke del i arbeidet. Ein vil og takke publikum i Austevoll som har gjeve konstruktive innspel til planen.

Norsk institutt for vannforskning
Oslo 20.09 1991

Jan Sørensen.

INNHALD

	Side
FORORD	3
1. INNLEING	5
1.1 Vedtak om planarbeid	5
1.2 Planavgrensing	5
1.3 Organisering	5
2. FØRESETNADER, UTFORDRINGAR OG MÅL	7
2.1 Kystkommunen Austevoll	7
2.2 Situasjonsskildring og utfordringar	7
2.3 Mål og strategiar	9
3. SEKTORANE	10
3.1 Akvakultur	10
3.2 Fiske	15
3.3 Friluftsliv	18
3.4 Naturvern	20
3.5 Kulturvern	22
3.6 Samferdsle	24
3.7 Andre interesser	25
4. OMRÅDE MED SPESIELLE INTERESSEMOTSETNADER	29
4.1 Identifisering av område	29
4.2 Situasjonsskildring og vurdering	29
5. AREALPLAN	34
5.1 Rettsverknader	34
5.2 Arealdisponering med retningsliner	34
PLANKART (forminska utgåve)	41
(Plankart i original målestokk 1:35 000) er tilgjengeleg hos teknisk etat i kommunen).	

1. INNLEIING.

1.1 Vedtak om planarbeid.

Austevoll kommunestyre vedtok den 7.12.89 å utarbeide ein *kystsonesplan* for kommunen spesielt retta mot disponering av areala på sjøen.

Austevoll har tidlegare gjennomført planarbeid i sjøområda og har i så måte vore ein føregongskommune på dette feltet. I 1984-85 vart det utført eit pilotprosjekt finansiert av Miljøverndepartementet: "Soneplan for deler av et kystområde i Austevoll kommune". Austevoll deltok i 1986-88 i det regionale planarbeidet: "Kystsonesplan for Sunnhordland".

Vedtaket om kystsonesplanlegging i høve til reglane plan- og bygningslova (PBL) er såleis ei vidareføring av dei planer som tidlegare er gjennomført. Kystsonesplanen representerer og ei utviding i høve til arealdelen i kommuneplanen som primært gjeld landområda.

1.2 Planavgrensing.

Planen gjeld *sjøområda* (vassoverflate, vassmasse og sjøbotn). I tillegg gjeld planen for dei landområde som er disponert til byggeområde/landbasert akvakultur.

Utover i sjøen gjeld planen til grunnlina i høve til PBLs § 1. Kommunegrenser/plangrenser mot nabokommunane er ikkje rettsleg fastsett, men ein har lagt til grunn dei grenser i sjø som framgår av topografisk kartserie M711 i målestokk 1:50 000.

Tematisk gjeld planen i utgangspunktet alle dei interesser og aktivitetar som er representerte i sjøområda, men det er særleg fokusert på oppdrett, friluftsliv og fiske.

1.3 Organisering.

Formannskapet har vore *styringsgruppe* for planarbeidet og har trekt opp dei overordna rammene for arbeidet.

Den praktiske og daglege drifta av planarbeidet har vore ivareteke av ei fagleg *prosjektgruppe* nedsett i høve til PBLs § 9-3. Prosjektgruppa har hatt følgjande samansetting:

- | | |
|------------------|--------------------------------|
| - Finn Wetteland | fung. nestleiar (til 30.11.90) |
| - Eirik Herland | teknisk sjef |

- Lars-Erling Horgen jordbrukssjef
- Karl Johan Haugland kulturkonsulent
- Hans Austevoll fiskerirettleiar
- Olav P. Årland formann i havnestyret
- Håvard Bakke forskar NIVA
- Jan Sørensen forskningsleiar NIVA.

Svein Sandven tok frå 21.01.91 over representasjonen for rådmannskontoret.


Norsk institutt for vannforskning (NIVA) har vore konsulent. Forskar H. Bakke, NIVA-Vestlandsavdelinga har vore prosjektleiar fram til 31.3.91. Forskningsleiar J. Sørensen tok då over som prosjektleiar.

Andre offentlege instansar og interesseorganisasjonar har vore kopla inn undervegs i planarbeidet. Dette gjeld m.a.:

- Hordaland fylkeskommune, planavdelinga
- Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga
- Fylkesveterinæren i Hordaland og Sogn og Fjordane
- Fiskerisjefen i Hordaland
- Bergen og Omland Friluftsråd
- Fiskarlag i Austevoll (spes. Austevoll f. lag og Hordaland f.lag)
- Oppdrettarlaget i Austevoll.

Andre instansar, t.d. Forsvaret, Kystverket m.fl. har vore kontakta pr. brev.

Publikum har vore informert m.a. gjennom lokalpressa og har hatt høve til å kome med innspel under planarbeidet. Den 13.02.91 vart det arrangert eit ope *folkemøte* på Eidsbøen skule.



Figur 1.1 Organiseringa av planarbeidet.

2. FØRESETNADER, UTFORDRINGAR OG MÅL.

2.1 Kystkommunen Austevoll.

Austevoll kommune ligg i Midthordaland og grensar til kommunane Sund og Bergen i nord, Os og Tysnes i aust og Fitjar i sør. Folketalet i kommunen er ca. 4 200.

Kommunen har ferje- og vegsamband om Hufthamar - Krokeide til Bergen og frå Husavik til Sandvikvåg. Det er ferjeforbindelse frå Barmen - Kvaløy til Austefjorden i Sund kommune. Det er snøggbåtsamband til Bergen, Flesland, Leirvik i Sunnhordland. Øyane i Austevoll er knytt saman med bruer, ferger og båtruter.

Kommunen består av i alt 667 øyer med eit samla areal på 114.3km². Dei to største øyene er Huftarøy og Selbjørn som dekkjer i alt 79.3km² av det samla arealet.

Strandlina er ein av dei viktigaste ressursane i Austevoll med ei lengd på 337.5km.

Det gråbrune kystlandskapet i Austevoll er ein typisk del av strandflaten med 92.5% av arealet lågare enn 60m.o.h.

Austevoll har eit sjøareal på ca. 277km² innafor grunnlina.

Sjøområda er karakterisert av vassmassar med saltgehalt på 30-33 promille gjennom heile året. Temperaturen varierar mellom 4-15°C.

2.2 Situasjonsskildring og utfordringar.

Austevoll står overfor ei rekkje utfordringar når det gjeld forvaltninga av og arealdisponeringa i sjøområda. Kommunen er for det første heilt avhengig av ressursane i sjø- og strandområda som livsgrunnlag. Det ligg derfor ei klår utfordring i å forvalte ressursane og sjøareala på ein optimal måte, dvs. utnytting, men ikkje "overutnytting". Dei naturgjevne tilhøva og miljøtilstanden set grensar for kor stor utnyttinga bør vere dersom ein vil ta vare på ressursgrunnlaget for framtida.

Sjøområda vert nytta av mange ulike interesser med ulike areal- og lokaliseringsbehov. Interesser knytta til sjø i Austevoll er m.a.:

- Akvakultur

- Fiske
- Forsvaret
- Friluftsliv
- Kommunaltekniske anlegg
- Kulturvern
- Naturvern
- Samferdsel
- Skjelsandutvinning m.v.

I enkelte område finst eksisterande eller potensielle interessekonflikter eller konflikter mellom interessene, anten om utnyttinga av ressursane (t.d. fiskeressursar), ressursgrunnlaget (resipienten) eller tilgang til bestemte areal (lokalitetar).

Skiljelinene går særleg mellom utbyggingsinteressene på den eine sida og bevarings- eller verneinteressene på den andre, t.d. *oppdrett* mot *friluftsliv/rekreasjon*.

Begge dei nemde interessene har hatt ein kraftig vekst dei siste 10 åra. Når det gjeld rekreasjon kjem ein god del av brukarane frå dei folkerike områda i Bergensregionen. Antal fritidsbåtar (registrerte) i fylket har m.a. hatt ein auke frå ca. 5000 i 1965 til over 40 000 i 1985. Antal fritidsbustader i Austevoll er ca. 475 - i hovudsak lokalisert til dei strandnære områda. I samband med fritidsbustaden kjem behov for t.d. småbåthamner og rekreasjonsområde, fritidsfiskeplassar m.m.

Trongnen for oppdrettslokalitetar i Austevoll har i løpet av dei seinare åra auka betydeleg, særleg på grunn av endring/auke i tillete konsesjonsvolum (frå 8 000-12 000m³), vekselbruk (2-3 lokalitetar pr. konsesjon) og nye marinfisk-konsesjonar.

Frå friluftsinnteressenes synsstad er det ønskeleg med minst mogeleg inngrep i naturen og landskapet og etablering av installasjonar som kan vere til hinder eller ulempe for almen ferdsel. Mange vil og sjå oppdrettsanlegg som framandelement i naturen.

Det er såleis ei hovudutfordring å *samordne* bruken av sjøområda på ein slik måte at interessekonflikter og konfliktrisiko vert redusert. Dersom dette ikkje er mogeleg må ein prioritera mellom interessene der dette er naudsynt for å oppnå avklåring.

2.3 Mål og strategiar.

Det overordna mål for kystsoneplanen er:

Planen skal medverka til ei optimal og bærekraftig ressursforvaltning og bruk av sjøområda og leggje vinn på å førebyggje og redusere motsetnader og konflikhtar mellom dei ulike brukarinteressene.

Planen skal:

1. Sikre eigna område for dei ulike interessene.
2. Avklåre og redusere brukarkonflikhtar.
3. Verne om ressursgrunnlaget og miljøet.

Planen skal leggje tilhøva tilrette for næringsverksemd og andre aktivitetar ved å sikre eigna areal og lokaliseringsområde. Det er og eit føremål at planen skal bidra til forenkla sakshandsaming, t.d. i høve til forureiningslova og oppdrettslova.

Eit viktig føremål med planen er å sikre at dei ulike intereressene kan fortsetje å leve side om side uten konflikhtar. I praksis betyr det at ein må fysisk skilje brukarinteresser som erfaringsmessig inneber konfliktrisiko, t.d. badeplassar - oppdrettsanlegg, sjøfuglområde - småbåthamner etc. Kommunen har ei rekkje viktige område å ta vare på, t.d. fiskeplassar, kaste- og låssettingsvågar, gode oppdrettslokalitetar, attraktive friluftsområde, verdfulle kulturminne osv.

I valsituasjonar mellom fleire lokaliseringalternativ bør ein i utgangspunktet velje den lokalisering som gjev minst skade på miljøet og produksjonsgrunnlaget, evt. på bakgrunn av konsekvensutgreiingar. Forureining og inngrep i naturlandskapet bør minimaliserast. I tråd med den nasjonale miljøvernpolitikken skal Austevoll lokalt bidra til at miljøets toleevne ikkje vert overbelasta.

Planen har ikkje som føresetnad å detaljregulera bruken av sjøområda. Planen skal vise dei grovmaske hovudtrekka i arealutnyttinga. Det er i første rekkje viktig å peike ut område kor utbygging/næringsverksemd skal tillatast og område kor det bør vere restriksjonar eller forbod mot utbygging ut frå omsynet til ålmene interesser.

Planen skal og vere ei vidareutvikling av kommuneplanen - med fokus på forvaltning av sjøområda og dei aktivitetane som er knytta til sjøen.


3. SEKTORANE.

I det følgjande er dei viktigaste sektorinteressane gjeve ein kort omtale og ei vurdering av deira krav til areal og lokalisering.

3.1 Akvakultur.

Status og arealbehov.

Austevoll er den kommunen i landet som har flest oppdrettskonsesjonar. Figur 3.1 syner fordelinga av konsesjonar for laks og aure (matfisk), marin fisk og setjefisk.




Figur. 3.1 Oppdrettskonsesjonar i Austevoll.

I løpet av dei siste 10 åra har det vore ein sterk vekst i produksjon av laks- og aure. Figur 3.2 syner utviklinga frå 1980-90.

Kommunen har 5 pakkeri/slakteri for oppdrettsfisk.

Næringa står overfor store utfordringar. Spesielt gjeld det korleis ein skal handsame dei aukande problema med fiskesjukdomar, særleg infeksiøs laksanemi og furunkolose. Frå 1989 har det vore eit betydeleg prisfall på laks.



Figur 3.2 Produksjon av laks og aure frå 1980-90.


Eit viktig tiltak mot sjukdom er å skilje fiskegenerasjonane og la oppdrettslokalitetane liggje brakk i periodar. For å gjennomføre dette bør kvart oppdrettsfirma/-konsesjon disponera 3 lokalitetar. Dei 25 konsesjonane treng såleis 75 lokalitetar for å gjennomføre det skisserte rotasjonsbruket. Eit alternativ kan vere at fleire oppdrettarar har felles lokalisering av anlegg der lokaliteten kan tole større produksjon. Når det gjeld arealforbruk rekner ein at eit anlegg på 12000m³ legg beslag på ca. 65 da sjøareal når ein tek med 100m forbodssone mot fiske.

Den tekniske utviklinga innan oppdrettsnæringa kan endre krava til lokalisering. Hittil har ein hatt ei utvikling mot meir robuste anlegg som kan liggje på eksponerte lokalitetar. Anlegga i Austevoll har stadig vorte trekt meir ut i eksponert farvatn. Nye sjøområde kan verte aktuelle for oppdrett om nokre år. Dette vil auke kapasiteten for oppdrett og samstundes redusere konflitrisikoen m.o.t. andre aktivitetar som nyttar skjerma område nær land, t.d. friluftsliv/bading.

Lukka oppdrettsanlegg, flytande eller landbaserte er ein teknologi som til no er lite teken i bruk. Det er grunn til å tru at slik teknologi vil få aukande betydning i åra framover. Viktige fordeler med lukka anlegg er mindre risiko for smittespreidning, betre miljø for fisken, mindre fôrforbruk og forureining og temperaturgevinst ved djupvassinntak.

Produksjon av marine fiskeartar har lite omfang enno, men ein ventar ei betydeleg utvikling dei nærmaste åra. Det er venta at mykje av produksjonen

Temakart 1: Akvakultur



Teiknforklaring.

Eksisterande lokalitetar

- Låks/aure
- ☞ Setjefisk
- ▲ Marine artar
- Skjelanlegg

- Ⓛ ⊙ Registrerte lokalitetar for landbaserte anlegg

vil skje i landbaserte anlegg, men også disse legg beslag på sjøareal pga. avstandskrav frå avlaupsleidning til andre anlegg. Avstandskravet er det same som for merdanlegg - minimum 1000m.

3-4 mill. smolt vert årleg sett ut i Austevoll. Oppdrettarlaget ser det som særleg viktig å få betre kontroll med smoltproduksjonen og sjukdomsproblema.

Eigna oppdrettsområde i sjø.

Austevoll har ei rekkje eigna område for merdoppdrett i sjø. Krav til gode oppdrettsområde er (naturgjevne tilhøve):

- god vassutskiftning/resipientkapasitet
- god djupne (min. 15m)
- skjerming mot vind og bølger
- stabilt saltinnhold
- ikkje isleggjing/drivis.

Det finst likevel einskilde område som er mindre eigna/ueigna eller har avgrensa kapasitet for merdoppdrett. LENKA-prosjektet (Landsomfattende Egnethetsvurering av den Norske Kystsonen og vassdragene for Akvakultur) har føreteke ei grov klassifisering av sjøområda (A, B og C-område) etter kapasitet for produksjon av oppdrettsfisk i merder. Avgrensande faktor er i dei fleste tilfelle tersklar som reduserer vassutskiftninga.

Område med god kapasitet er dei opne sjøområda utan tersklar (LENKA A-område):

- Horgefjorden
- Hundvåkosen.
- Korsfjorden
- Langenuen
- Møkstrafjorden
- Selbjørnsfjorden
- Skoltafjorden
- Trælsøyosen

Område med avgrensa kapasitet er (LENKA B-område):

- Austre Vinnesvåg
- Bekkjarviksundet
- Fagerbakkevågen på Selbjørn
- Fargarosen v/Krossøy
- Gilsvågen på Huftarøy.
- Horgesundet
- Hundvåkosen frå skår til Torangsvåg
- Sandtorr - Trælsøy
- Stolmasundet
- Sørvestsida av Møkster

- Veivågen på Selbjørn
- Øyområda på nordaustsida av Huftarøy.

Område med dårleg kapasitet (LENKA C-område):

- Busepollen/Drønspollen
- Heimarkpollen
- Navøyosen
- Paraket-Vasseidet.
- Yttrepollen/Haukanespollen

LENKA-klassifisering er å rekne som rettleiande. Ein del av områda t.d. Navøyosen, Stolmasundet, Bekkjarviksundet (straumsund) har i realiteten truleg høgare kapasitet for oppdrett enn det som går fram av LENKAs modellberekningar.

Ein annan avgrensande faktor for utnytting av sjøområda i Austevoll er høg eksponering for vind og bølger. Følgjande område er derfor mindre eigna for oppdrett med dagens anleggsteknologi:

- Dei opne, eksponerte sjøområda med > ca. 5km open sjøstrekning mot framherskande vindretningar.

Eigna oppdrettsområde på land.

Krava til lokalitetar for landbasert drift er tilnærma dei same som for merdoppdrett. I tillegg kjem:

- tilgong på flat tomt på min. 5 da
- maks. 5m over flomål
- sjøen utanfor må ha djupne på min. 50m
- kort avstand til djupt vatn
- stabil vintertemperatur i djupvatnet
- tilgong til veg, kai, el-forsyning og telekommunikasjon.

Lokalisering av landbaserte oppdrettsanlegg bør fortrinnsvis skje i "ytterområda" av kommunen av omsyn til dei drifts- og sjukdomsproblem som næringa har idag.

Følgjande område er vurdert som mulig eigna for landbasert oppdrett:

- Vikevåg på Huftarøy
- Flatøy
- Våge på Stolmen
- Barmen
- Inderøy/Ytterøy v/Kalve
- Nordre Navøy
- Trælsøy, austsida
- Område sør for Gjengane på austsida av Huftarøy

- Nordre Tobbeholmen
- Område vest for Kalsund
- Hottvik, austsida
- Kvalvåg
- Område v/Hevrøy.

Av desse har ein i denne omgong valgt å prioritere Vikevåg på Stolmen, Flatøy og Våge på Stolmen.

I det vidare arbeidet med å finne optimale oppdrettslokalitetar innan akvakulturområda på sjø, vil ein og sjå nærare på mulige stader for etablering av landbasert oppdrettsanlegg.

3.2 Fiske.

Havfiske og ringverknader på land er hovudgrunnlaget for næringsliv og sysselsetting i Austevoll. Austevoll er ein av dei største fiskerkommunane i landet med 255 fiskarar og 17 store, moderne fartøy (pr. 01.01.91).

I tillegg vert det dreve eit betydeleg kyst- og heimfiske, m.a. etter torsk, sei, hummer og krabbe. Dette fisket er både av næringsmessig karakter ("attåtning"), men og "matauk" og fritidsaktivitet. Det er naudsynt å verne om ressursgrunnlaget, m.a. gyte- og oppvekstområde og fiskeplassar.

Skoltafjorden (frå Møkster i nord til Stolmen i sør) vert rekna som eit særleg viktig fiskeområde/gyte- og oppvekstområde.

Det vert fiska med trål m.a. i følgjande område:

- Hundvåkosen
- Møkstrafjorden
- Selbjørn (søraustsida).

Fiske med trål treng ope sjøstrek utan hindringar.

Dei registrerte kaste- og låssettingsplassane er å rekne som strand- og sjøområde med særlege fiskeriinteresser. Fiskerinemda har registrert 103 kaste-/låssettingsplassar som framleis er ibruk. 30 kaste- og låssettingsplassar er gjeven høg prioritet og det er eit særleg behov for å sikre desse.


Tabell 3.2 Oversyn over prioriterte kaste-/låssettingsplassar og innbyrdes rangering (prioritet).

NAMN/OMRÅDE	PRIORITET	MYKJE BRUKT
1. Austre Storebøvdåg	4	x
2. Austre Vinnesvdåg	13	x
3. Bakkavåg	1	x
4. Blænesvik	7	x
5. Bogane	14	x
6. Fugløysund	28	x
7. Geitungevikane/Sveinungsvik	5	x 1)
8. Hevrøy Havnebasseng	3	x 1)
9. Hottvik	27	x
10. Hovardsbogen	21	x
11. Kalsvdågen	8	x
12. Knasvdågen	9	x
13. Kolbeinshavn	22	x
14. Motegangshola/Heimarkvik	19	x
15. Nordaustre Lunnøydågen	11	x
16. Nordre Digernesvdåg/Naveide	12	x
17. Nordre Fagerbakkevågen	23	x
18. Rongane	29	x
19. Salthellevik	26	x
20. Skipavik	30	x
21. Skåravikane	2	x
22. Solesvikane	18	x
23. Steinesvik	16	x
24. Storholmsund	10	x
25. Stovholmsund/Naustvdåg	20	x
26. Søre Hillevik	24	x
27. Sørvik	25	x
28. Trælsøeidet	17	x
29. Vestre Horgevdågen	15	x
30. Vestrevågen	6	x





1) Einaste kaste-/låssettingsplass i området.

Krokgarn- og kilenotplassar (lakseplassar) finst hovudsakeleg i dei ytre delane i kommunen. Lakseplassar er ei klår lovheimla grunneigarrett. Fiskeristyreismaktene tillet ikkje plassering av oppdrettsanlegg nærare frå slike plassar enn 100m.

Temakart 2: Fiske



Teiknforklaring.

-  Trålfelt
-  Særleg viktig fiskeområde
-  Kaste-/låsettingsplass
-  Lakserett

3.3 Friluftsliv.

Austevoll har gode naturgjevne føresetnader for eit allsidig friluftsliv. Store delar av kommunen fungerer som ein "skjergårdspark" med øyer, holmar og viker som vert mykje nytta av fastbuande og tilreisande.

Sjølv om kommunen har ei svært lang strandline er store delar av en verutsatt og/eller for bratt til å vere eigna for friluftsføremål.

Friluftsliv- og rekreasjonsaktivitetar knytta til sjø- og strandsona er bading/soling, båtbruk, brettsegling, dykking, fritidsfiske og ulike formar for mosjons- og leikeaktivitetar.

Bergen og Omland Friluftsråd har kjøpt og sikra 6 område i kommunen:

- Horgo, nordvest
- Kalsundholmen
- Krossøy
- Leirvågen på Sandtorv
- Skåraneset
- Tangneset (Torangsvåg).

Det er særleg dei nordre/nordøstre delane av kommunen som vert nytta av tilreisande frå Bergensregionen i samband med båtutfart. Dei fleste av dei sikra landområda ligg i denne delen av kommunen.


Austevoll har ei rekkje registrerte badeplassar. Følgjande plassar er prioritert i kommuneplanen/kystsoneplanen:

- Juthola, Selbjørn
- Kvernaviksanden-Vik, Huftarøy
- Laugarøy, austsida
- Laugarøy, vestsida
- Levrahavet, Storebø
- Mølnevik, Stolmen
- Sanden i Veivåg, Selbjørn
- Sandvågen, Blænesøya
- Stokkevik, Bjelland
- Valesvika, Selbjørn
- Vika i Kvernevik, Hundvåkøy.

I tillegg kjem andre lokale badeplassar:



- | | |
|-----------------------------|----------------------------|
| - Barmen, Hundvåkøy | - Ospevik, Stolmen |
| - Bjånespollen | - Rabbavika, Selbjørn |
| - Bølevik, Otterå | - Råtapollen, L. Bakholmen |
| - Djupedalsvika, Hundvåkøy | - Saltskjerholmen |
| - Eide, Hundvåkøy | - Sandvik, Huftarøy |
| - Evjepollen, Huftarøy | - Sandvågen, Storholmen |
| - Kalvanesholmane, Selbjørn | - Sandvågen, Storholmen |

Temakart 3: Friluftsliv





Teiknforklaring.

Friluftsområde

-  Sikra/prioritert
-  Andre område med særlege friluftssintereeser

Badeplasar

-  Sikra/prioritert
-  Registrerte

- Kobbevåg, Sandtorv
- Krabbevika, Huftarøy
- Kumløy, Huftarøy
- Kvernevik, V. Vinnesvåg
- Kyrkjevika, Stolmen
- Lotrebogen, Rostøy
- Lunnøykalven, Lunnøy
- Naustvågen, Møkster
- Skåravik, Hundvåkøy
- Steingardseidet, Busepollen
- Storavik, Busepollen
- Søre Navågen, Hundvåkøy
- Søre vågen, L. Kalsøy
- Tovo, Kalve
- Vasseidet, Huftarøy
- Vik v/Raudholmen, Selbjørn
- Ølnavågen, Hundvåkøy.

Det er særleg behov for å sikre dei samanhengande natur- og friluftsområda/sonene i kommunen som framleis er lite påverka av inngrep og motverke nedbygging "bit for bit".

3.4 Naturvern.

Naturverninteressar spesielt knytta til sjøområda er sjøfuglområde, havstrender, marine typeområde og trekkveggar for vilt.

Innafor planområdet er det registrert havstrandslokalitetar på Søndre Leiarholmen, Lundøy, Måkesteinane og Møkster.


Heimarkpollen er klassifisert som marint typeområde (regional verneverdi).

Ved Sandvik på austsida av Huftarøy er det registrert eit hjortetrekk (over Langenuen).





Tabell 3.3 Sikra og registrerte sjøfuglområde.


SJØFUGLOMRÅDE	SIKRA
Hjartholmen	x
Myrbærholmen og Kvitingen	x
Møkstra-Grønningen	x
Måkesteinane	x
Terneskeret	x
Vestre og indre Mågabøl	x
Møkster	
Sengjen	
Horgekalven, Horgo	
Ternholmen, L.Ternh., Hatthl.	
Galten, Pjagen, Taugholmen	
Kyrholmen	
Eidholmen, Horgo	
Store Flatøy	
Slåtterøy og Skolten	
Flatholmen, Stolmen	
Fugløy	

Temakart 4: Naturvern



Teiknforklaring.

-  Sjøfuglområde
-  Sikra
-  Registrerte
-  Område med marine verneinteresser

 Hjortetrekk

Det er ønskeleg å verne dei mest sårbare område enten ved aktiv sikring og/eller passivt ved at ein strategisk unngår tiltak som kan gje negativ påverknad i eller i nærleiken av områda. Ein ser det som særleg viktig å halde oppdrettsanlegg adskilt frå sjøfuglområda.

3.5 Kulturvern.

Fornminne (kulturminne frå før 1537) er registrert av Historisk Museum i Bergen. Det er ikkje gjort registreringar på sjøbotnen. Fornminna er verna i høve til Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner. Loven set forbod mot inngrep i fornminne. Det er meldeplikt og undersøkelsesplikt for tiltak som kan virke inn på fornminna.


Faste verneverdige kulturminne frå nyare tid finst fleire stader i Austevoll. Kulturminne med spesiell tilknytning til sjøen er sjøbruksmiljø, fiskebruk, naust, handels- og gjestgivarstader.

Fylkeskonservatoren i Hordaland (1989) har registrert verneverdige sjøbruksmiljø i Austevoll (tabell 3.4).

Tabell 3.4 Verneverdige sjøbruksmiljø. A=særs høg, B=høg , C=lågare verdi.

VERNEVERDIG OMRÅDE	VERDI
Bakholmen (gjestgivarstad)	B
Bakka	B
Bakkasund (handelsstad)	A
Bekkjarvik (handels- og gjestgivarstad)	B
Birkeland	B
Drønspollen	B
Fagerbakkevåg	C
Gauksheim	B
Indre Vestrevågen	B
Kalve	C
Kleppsvik/Kassholmen	C
Krosshamn.	B
Kvalvåg (handelsstad)	A
Litla Kalsøy	C
Melingsvåg (aust/vest)	C
Møkster	C
Salthella	C
Sandvik	C
Selvågen	B
Stolmavågen	C
Sturtevik	C
Sætravika	B
Ølnavåg	C
Åsmundpollen	B

Temakart 5: Sjøbruksmiljø



Teiknforklaring.

Verneverdige sjøbruksmiljø

- ▲ Særs høg verdi
- Høg verdi
- Lågare verdi

3.6 Samferdsle.

Større skipsleier går gjennom Austevoll. Hovudskipsleia passerar gjennom Langenuen på autsida av Huftarøy. Sund/område som er særleg viktige for skipstrafikken:

- Bekkjarviksundet
- Horgesundet
- Krosshamnsundet
- Navøyosen
- Stolmasundet

Følgjande stader har ferge- og/eller snøggåtanlaup:

- Austevollshella
- Barmen
- Bekkjarvik
- Hufthammar
- Husavik
- Kvaløy
- Litla Kalsøy
- Møkster
- Mølna
- Salthella

Austevoll er avhengig av gode hamner. Tabell 3.4 syner område med registrerte hamneinteresser. Fiskerihamnene er merka spesielt.

Tabell 3.4 Oversyn over hamner. Klassifiseringen av hamnene i B, C og D er i høve til kommunestyrevedtak.

B= fiskerihamner med sterk næringsmessig aktivitet, godt utbygde.

C= fiskerihamner med viktig liggefunksjon for fartøyer og enkle serviceanlegg.

D= fiskerihamner med liggefunksjon m. el. u. enkle serviceanlegg.

NAMN	FISKERI	KLASSIFISERING
Austevollshella		
Bakkasund	X	
Bekkjarvik	X	C
Busepollen		D
Gauksheim	X	D
Hauglandsvåg	X	D
Heimarkpollen	X	D
Hufthammar		
Husavik		
Kalve, Stora Kalsøy	X	C
Kolbeinshamn	X	
Lunnøy		
Melingsvåg	X	
Møgster	X	D
Rabben	X	D

Salthella 1)	X	B
Stolmevågen	X	D
Storebø	X	B
Torangsvåg	X	B
Våge	X	

1) Salthella har i tillegg funksjon som oljevernhamn.

Dei viktigaste hamnene er Salthella, Storebø og Torangsvåg som vert trafikkert av større fartøy som er meir plasskrevjande. Det er særleg viktig å sikre fri passasje til/frå desse hamnene.

3.7 Andre interesser.

Forsvaret.

Forsvaret har interesser knytta til sjøområda i Austevoll. Sjøområda er aktuelle øvingsområde for KNM-fartøy, spesielt MTB-fartøy.

Området rundt Korsfjorden - Selbjørnsfjorden utgjer særleg innløpsakse til Bergenshalvøya.

I følgjande område må etablering av faste anlegg skje i samråd med Forsvaret:

- Bekkjarviksund.
- Grønningosen
- Hundvåkosen
- Marsteinsålen
- Navøy-Sveholmen
- Stolmasund


Skjelsandutvinning.

Det vert utvinne skjelsand frå sjøbotnen i Austevoll. Opptak av skjelsand er konsesjonsbelagt (Næringsdepartementet) og det er knytta relativt strenge vilkår til verksemda.

I Austevoll er det gjeve 3 konsesjonar for skjelsandopptak. Dette gjeld følgjande område:

- Heimarkstraumen
- Sengsbukt
- Sørvest for Stolmen.

Temakart 6: Hamner og skipsleier



Teiknforklaring.

- ★ Fiskerihamn
- Kombinert hamn (samferdsle, industri, fiskeri, småbåt etc.)
- ← - - - Skipslei

Det er registrert veksande interesse for utnytting av denne ressursen som m.a. vert nytta som jordforbetringsmiddel, til bekkekalking og kalktilsetning i fôr. Skjelsand vert og nytta lokalt i Austevoll.


Opptak føregår med grabb på dyp >5m. Verksemda medfører groper på sjøbotnen som m.a. kan føre til auka erosjon på nærliggjande strender og problem i høve til fiskeriinteressane.

Det bør arbeidast vidare med å finne gode, konfliktfrie opptaksområde for skjelsand.

Temakart 7: Skjelsandkonsesjonar



Teiknforklaring.

-  Område med konsesjon for opptak av skjelsand frå sjøbotnen

4. OMRÅDE MED SPESIELLE INTERESSE- MOTSETNADER.

4.1 Identifisering av område.

I arbeidet med planen har ein identifisert område der det er særleg behov for samordning mellom aktivitetar eller avklåring av interesse motsetnader. Felles for dei fleste av desse områda er konkurranse om areal/resipient særleg mellom *friluftsliv* og *oppdrett*. Følgjande område har vore særskilt vurdert:

- Øyane i nord og nordaustsida av Huftarøy
- Horgo
- Område frå Møkster til Stolmen
- Busepollen/Drønspolen
- Heimarkpollen
- Litla Lunnøy
- Fagerbakkevågen
- Austre og Vestre Vinnesvåg
- Bekkjarviksundet.

4.2 Situasjonsskildring og vurdering.

Det er gjeve ei kort situasjonsskildring for kvart av dei utvalgte områda og ei vurdering vedrørende løysingar/prioriteringar på bakgrunn av dei drøftingar som har vore ført i prosjektgruppene.

1. Øyane i nord og nordaustsida av Huftarøy ("båtutfartsområdet").

Området strekker seg frå Korsfjorden (Skorpa, Sandtorr) i nord til Lambøyosen på nordaustsida av Huftarøy. I Handlingsprogrammet for friluftslivet i Hordaland er området framheva som eit viktig regionalt båtutfartsområde.


Det er særleg to "kjerneområde" som peikar seg ut:

Skorpa - Skarøy - Sandtorr

Dette området har fleire etablerte, sikra friluftsområde og hytteområde. Det finst finst fleire skjerma lokalitetar som er eigna for oppdrettsføremål. Godkjende oppdrettskonsesjonar ligg i ytterkanten av området.

Vurdering: Dei etablerte friluftssinteressene i området tilseier at ein bør vere restriktiv m.o.t. oppdrett innan området.

Temakart 8: Område med interesse motsetnader



Teiknforklaring.

- ① Område med spesielle interesse motsetnader som er særskilt vurdert i planen

Lambøy - Saltskjerholmane (Storebøholmane).

Området er attraktivt for friluftsliv og båtutfart og er mykje brukt lokalt.

Området er eigna for oppdrettsføremål og det er etablert fleire oppdrettskonsesjonar i området.

Vurdering: Friluftsliv og oppdrett kan truleg forsatt nytte området utan større konflikhtar forutsatt at omfanget av oppdrettsverksemda ikkje aukar ut over dagens nivå. Utviklinga innan anleggsteknologi vil truleg opne for alternative lokaliseringar i meir ope farvatn. Oppdrettsverksemda innen området bør på lenger sikt trappast ned.

2. Horgo.

Området er særleg mykje brukt lokalt til friluftsliv og fritidsfiske. På vestsida er det sikra eit friluftsområde. Horgo er lite berørt av inngrep/bebyggelse.

Austsida av Horgo er eigna for oppdrett og det er etablert oppdrettskonsesjonar i området.

Vurdering: Konfliktane gjeld i første rekkje tilhøva mellom friluftsliv og oppdrett på austsida av Horgo. Områdets verdi for friluftslivet tilseier at ein bør vere restriktiv m.o.t. oppdrett, særleg anlegg som kan vere til hinder for båtferdselen rundt Horgo.

3. Området frå Møkster til Stolmen.

Området er eit viktig fiskeområde/gyte- og oppvekstområde for fisk. Området har fleire naturvern-/sjøfuglområde.

Oppdrettskonsesjoner finst i området.

Vurdering: Konsekvenser av oppdrett på gyte- og oppvekstområder for villfisk er usikre. For å verne om produksjonsgrunnlaget bør oppdrettsverksemda konsentrerast/avgrensast til dei delar av området kor dei i minst mogleg grad påverkar fiske- og naturverninteressene.

4. Busepollen/Drønpollen.

Busepollen vert m.a. nytta til friluftsføremål. Det er ikkje etablert oppdrettsverksemd i området, men området kan verte aktuelt for t.d. andre driftsformer enn merddrift.

Busepollen er aktuell lokaliseringsstad for fiskerihamn.

Vurdering: Busepollen er idag eit fleirbruksområde. Dersom det vert aktuelt med hamneutbygging, bør det utarbeidast reguleringsplan for området med sikte på minimalisering av konfliktare og gjennomføring av avbøtande tiltak.

5. Heimarkpollen.

Heimarkpollen er klassifisert som verneverdig marint område (Fylkesmannens miljøvernabdeling), men har ikkje formell vernestatus.

Området er attraktivt i friluftssamanheng.

Det finst ikkje oppdrettverksemd i området med unntak av eit mindre område som vert nytta til marin yngel.

Området er aktuell lokaliseringsstad for fiskerihamn.

Vurdering: Området har spesielle natur- og friluftskvalitetar. Naturen/landskapet i området er sårbar for inngrep og bør forvaltast skånsomt. Dersom det vert aktuelt med hamneutbygging, bør det utarbeidast reguleringsplan for området, evt. med sikte på minimalisering av konflikter og gjennomføring av avbøtande tiltak.

6. Litle Lunnøy.

Området har friluftsverdiar.

Oppdrettsanlegg er lokalisert i området.

Vurdering: Området bør prioriterast til friluftsliv.

7. Fagerbakkevågen.

Området har friluft- og kulturverdiar (sjøbruksmiljø).

Oppdrettsverksemd er lokalisert i området. Fagerbakkevåg kan verte aktuell for hamneutbygging..

Vurdering: Området er å sjå som eit fleirbruksområde der næringsverksemd bør ha ein naturleg plass.

8. Austre og Vestre Vinnesvåg.

Områda vert nytta av både båttrafikk (ferjeanløp til Husavik), oppdrett, fiskeri, industri, friluftsliv m.m.

Vurdering: Områda er å sjå som fleirbruksområde. Industri/oppdrett er etablerte verksemdar i områda og bør fortsatt tillatast. Resipientkapasiteten for oppdrett er begrensa.

9. Bekkjarviksundet.

Bekkjarvik har ei sentral stilling i reiselivssamanheng. Langs sundet ligg fleire sikra badeområde.

Bekkjarviksundet er viktig skipslei med stor trafikk. Bekkjarvik fungerer som hamn/fiskerihamn. Oppdrettskonsesjonar finst i området.

Vurdering: Ein bør vere restriktiv m.o.t. utbyggingstiltak i Bekkjarvik for å ta vare på dei kulturelle og bygningsmessige særpreg i området. Ferdselen gjennom det relativt tronge Bekkjarviksundet er av overordna betydning og det er i den samanheng viktig å sikre fri passasje for nyttetrafikken gjennom sundet.

5. AREALPLAN

5.1 Rettsverknader.

Arealdelen er juridisk bindande når planen er endeleg godkjend av kommunestyret. Det vert førutsett at dei retningsliner som spesifiserar føremåla i planen vil ha nærast tilsvarende status som bindande føresegner når sektor- og planstyresmaktene formelt har gjeve sitt samtykke.

Verknadene av planen er i høve til § 20-6 i Plan- og bygningslova:

Arbeid og tiltak som nevnt i paragrafene 84 og 93, samt frådelling av eigedom til slike føremål må ikkje vere i strid med den arealbruk eller dei føresegner (retningsliner) som er fastsett i planen. Det same gjeld andre tiltak som vil vere til vesentleg ulempe for gjennomføring av planen.

Arbeid og tiltak gjeld i hovudsak faste installasjonar og byggetiltak. Planen har ikkje direkte styring med ambulerande verksemd som t.d. fiske og ferdsel. Døme på arbeid og tiltak som vert ramma av rettsverknadene er :

- Akvakulturanlegg
- Hamneanlegg/større moloar
- Bølgjekraftanlegg
- Røyrleidningar og kablar (ikkje olje- og gassleidningar)
- Opplagsplassar for skip
- Opptak av sand og grus frå sjøbotnen
- Større utfyllingar og dumping
- Sports- og idrettsanlegg (t.d. regattabaner).

Låssetting av fisk er å rekne som ambulerande verksemd og vert ikkje ramma av rettsverknadene. For låssetting av fisk i nærleiken av oppdrettsanlegg gjeld regelen om ferdsleforbod på 20m kring oppdrettsanlegga.

Når det gjeld taretråling og skjelsandopptak står desse interessane i ei særstilling. Begge desse verksemdene har truleg stor påverknad på miljøet, men er ikkje manifestert ved anlegg/fast installasjonar. Det er derfor knytt usikkerhet til rettsverknadene i plansamanheng.

5.2 Arealdisponering med retningsliner.

Arealdisponeringa framgår av *plankartet* (vedlegg). Inndelinga i arealkategoriar er gjort i høve til Plan og bygningslova, paragraf 20-4. Dei einskilte planføremåla er ført opp under hovedkategori nr. 1: "Byggeområde", hovedkategori 4: "Område som er båndlagt", hovedkategori 5: "Område for særskilt bruk eller vern av sjø og vassdrag, herunder ferdsels-, fiske-,

akvakultur-, natur- og friluftsområder hver for seg eller i kombinasjon med en eller flere av de nevnte brukskategorier" og hovedkategori 6: "Viktige ledd i kommunikasjonssystemet".

KATEGORI 1. BYGGEOMRÅDE.

Akvakulturområde på land (AL)

- * Vikevåg, Huftarøy
- * Flatøy
- * Våge, Stolmen

KATEGORI 4. ANDRE OMRÅDER SOM ER BÅNDLAGT FOR NÆRMERE ANGITTE FORMÅL.

Sikra/regulerte naturvernområde (SN)

- * Hjartholmen
- * Myrbærholmen og Kvitingen
- * Møkstra-Grønningen
- * Måkesteinane
- * Terneskjeret
- * Vestre og indre Mågabøl

Sikra/regulerte friluftsområde (SF)

- * Horgo, nordvest
- * Kalsundholmen
- * Krossøy
- * Leirvågen på Sandtorv
- * Skåraneset
- * Tangneset (Torangsvåg)

KATEGORI 5. OMRÅDER FOR SÆRSKILT BRUK ELLER VERN AV SJØ OG VASSDRAG, HERUNDER FERDSEL-, FISKE-, AKVAKULTUR-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDER HVER FOR SEG ELLER I KOMBINASJON MED EN ELLER FLERE AV DE NEVNTE BRUKSKATEGORIER.

Akvakulturområde i sjø (AK)

- | | |
|------------------------------------|--------------------------------|
| * Huftarøy (to område på austsida) | * Selbjørn (nordsida) |
| * Hundvåkøy (austsida) | * Sengsbukt |
| * Lunnøy (sørsida) | * Skipavik (sjøområda omkring) |
| * Matvik | * Vinnesneset (austsida) |
| * Møgster-Litla Kalsøy-Hevrøy | |
| * Navøyosen | |
| * Nordre Hjartholmosen | |

Retningslinjer:

Føremålet er å sikre særleg godt eigna område for oppdrett.

I akvakulturområda skal oppdrett ha prioritet framfor andre interesser.

Ved etablering av oppdrettsanlegg i området gjeld følgjande krav:

- anlegga skal så langt råd er plasserast med tanke på optimal utnytting av ressursar/areal
- sjølv om oppdrett har prioritet i desse områda, skal plassering så langt råd er skje ut frå omsyn til andre interessar og innpassing i landskapet.
- dersom partane (byggningsråd, rettleiingstjeneste, friluftsnemd, næringsverksemda, grunneigarane m.fl.) ikkje vert samd om utnyttinga av området, skal det utarbeidast forenkla reguleringsplan etter PBL § 23, evt. bebyggelsesplan etter § 28-2.

Det må utvisast særleg varsemd ved lokalisering av tiltak i nærleiken av akvakulturområda som kan forringa verdien av desse områda, t.d. større avlaupsleidningar (kloakkutslepp) eller tiltak som kan hindre tilkomsten til områda.

Uttak av skjelsand frå sjøbotn skal ikkje tillast.

Oppdrettsanlegg må likevel ikkje plasserast nærare enn 200m frå følgjande interesseområde (land/strandsoner):

- # Sikra/høgt prioriterte sjøfuglområde
- # Sikra/prioriterte friluftsområde
- # Sikra/prioriterte badeplassar (kommuneplan/kystsoneplan)
- # Særleg verneverdige kultur- og sjøbruksmiljø (A og B).

Områda er opplista i kap. 3.

Det må takast særleg omsyn til ferdselsinteressene på sjø, tilkomst til kaier og hamneområde, grunneigaranes tilkomstrettar og Forsvarets interesser ved lokalisering av oppdrettsanlegg.

Fiskeområde/kaste- og låssettingsplassar (FI/KL)

- | | |
|------------------------------------|-----------------------------------|
| * Austre Storebøvdåg (KL) | * Nordre Digernesvåg/Naveide (KL) |
| * Austre Vinnesvåg (KL) | * Nordre Fagerbakkevågen (KL) |
| * Bakkavåg (KL) | * Rongane (KL) |
| * Blænesvik (KL) | * Salthellevik (KL) |
| * Bogane (KL) | * Selbjørn, søraustsida (FI) |
| * Fugløy Sund (KL) | * Skipavik (KL) |
| * Geitungevikane/Sveinungsvik (KL) | * Skåravikane (KL) |
| * Hevrøy havnebasseng (KL) | * Solesvikane (KL) |
| * Hottvik (KL) | * Steinesvik (KL) |
| * Hovardsbogen (KL) | * Storholmsund (KL) |
| * Hundvåkosen (FI) | * Stovholmsund/Naustvåg (KL) |
| * Kalsvågen (KL) | * Søre Hillevik (KL) |
| * Knasvågen (KL) | * Sørvik (KL) |
| * Kolbeinshavn (KL) | * Trælsøy eidet (KL) |
| * Motegangshola/Heimarkvik (KL) | * Vestre Horgevågen (KL) |
| * Møkstafjorden, søndre del (FI) | * Vestrevågen (KL) |
| * Nordaustre Lunnøyvågen (KL) | |

Retningslinjer:

Føremålet skal sikre særleg eigna og mykje brukte fiskeområde/trålfelt, gyte- og oppvekstområde og kaste- og låssettingsplassar.

Det må utvisast særleg varsemd ved lokalisering av tiltak i nærleiken av fiskeområda som kan forringa verdien av desse områda og fiskeressursane, t.d. større avlaupsleidningar (kloakkutslepp) eller tiltak som kan hindre tilkomsten til områda.

Uttak av skjelsand frå sjøbotn skal ikkje tillast.

Fiske- og naturområde (FIN)

- * Skoltafjorden vest for Møkster

Retningslinjer:

Føremålet skal sikre særleg eigna og mykje brukte fiskeområde/trålfelt, samt viktige naturområde; gyte- og oppvekstområde for fisk og sjøfuglområde.

Det må utvisast særleg varsemd ved lokalisering av tiltak i nærleiken av fiske- og naturområda som kan verke negativt inn på fisket og naturverdiane, t.d. forureinande aktivitet eller inngrep som endrar dei økologiske tilhøva.

Uttak av skjelsand frå sjøbotn skal ikkje tillatast.

Friluft- og naturområde (FN)

Ant. eksist.
oppdrettslok.

* Busepollen/Drønspollen 1)	1
* Haukanespollen/Yttrepollen 1)	0
* Heimarkpollen (friluftsområde/marine verneverdiar) 3)	0
* Sjøområda kring Horgo 1)	0
* Sjøområda kring Litla Lunnøy 1)	1
* Sjøområda kring øyane i nord, m.a.Skorpa, Skårøy, Krossøy, Sandtorr 1)	0
* Sjøområda kring øyane på nordaustsida av Huftarøy 2)	2

Retningslinjer:

Føremålet skal sikre særleg eigna og mykje bruke friluftsområde på sjø. Dette gjeld både natur- og landskapsverdiar, funksjonelle kvalitetar og tilkomst.

Uttak av skjelsand frå sjøbotn skal ikkje tillatast.

Følgjande reglar m.o.t. *oppdrett* gjeld for FN-områda merka:

1) Det skal ikkje tillatast etablert nye oppdrettsanlegg (lokalitetar) ut over dei/det antal som evt. allereide er fast etablert i området eller utvidingar i oppdrettsvolum e.l. Anlegg som treng nye lokalitetar må flytta ut av området (gjeld ikkje faste oppdrettslokalitetar som inngår i ein driftsplan for ein konsesjon). Flytting eller omlokalisering av anlegg innan området kan berre tillatast dersom dette er tenleg for, evt. ikkje til ulempe for friluftinteressene. Landfeste er ikkje tillatt. På lenger sikt bør oppdrettsverksemda innan området trappast ned.

2) Som for 1). I tillegg: Oppdrettsanlegg med midlertidig godkjent lokalisering må flytta ut frå området når høveleg lokalitet er funne, seinast innan 2 år frå planen er godkjent. Det kan gjevast dispensasjon frå retningslinene i høve til

den aktiviteten som er knytta til utviklinga ved Havforskningsinstituttets akvakulturstasjon.

3) Som for 1). I tillegg: Området er viktig for både friluftsliv og naturvern. Naturkvalitetane i området skal bevarast mest mogeleg slik dei framstår i dag. Dersom det oppstår interessemotsetnader mellom friluftsliv og naturverninteresser, skal friluftslivet i utgangspunktet vike.

Ved omlokalisering/utviding av oppdrettsanlegg i områda gjeld følgjande generelle krav (for alle FN-områda):

- anlegga skal så langt råd er plasserast med tanke på optimal utnytting av ressursar/areal
- anlegga skal berre plasserast på stader der dei ikkje er til ulempe for ålmen ferdsle og friluftslivsinteressane
- dersom partane (bygningråd, rettleiingstjeneste, friluftsnemd, næringsverksemda, grunneigarane m.fl.) ikkje vert samd om utnyttinga av området, skal det utarbeidast forenkla reguleringsplan etter PBL § 23, evt. bebyggelsesplan etter § 28-2.

Akvakultur-, ferdsel- og fiskeområde (AFF)

* Sjøområde som ikkje er disponert til andre særskilte føremål (restområde).

Retningslinjer:

Føremålet skal sikre områda for fleirbruk. Oppdrettsanlegg kan lokaliserast i områda, men først etter nærare avveging i høve til dei andre interessene.

Oppdrettsanlegg må likevel ikkje plasserast nærare enn 200m frå følgjande interesseområde (land/strandsone):

- # Sikra/høgt prioriterte sjøfuglområde
- # Sikra/prioriterte friluftsområde
- # Sikra/prioriterte badeplassar (kommuneplan/kystsoneplan)
- # Særleg verneverdige kultur- og sjøbruksmiljø (A og B).

Områda er opplista i kap. 3.

Det må takast særleg omsyn til ferdselen på sjø, tilkomst til kaier og hamneområde, fiskeriinteressene, grunneigarrettane og Forsvarets interesser ved lokalisering av oppdrettsanlegg.

KATEGORI 6. VIKTIGE LEDD I KOMMUNIKASJONSSYSTEMET.**Hamneområde (HA)**

- * Austevollshella
- * Bakkasund
- * Bekkjårvik
- * Barmen
- * Busepollen
- * Gauksheim
- * Hufthammar
- * Husavik
- * Kalve
- * Kolbeinshamn
- * Kolbeinsvik
- * Lunnøy
- * Melingsvåg
- * Møgster
- * Mølno
- * Rabben
- * Hauglandsvåg
- * Salthella (B)
- * Stolmesundet
- * Stolmevågen
- * Storebø (B)
- * Torangsvåg (B)
- * Våge


Retningslinjer:

Føremålet skal sikre hamneområde for båtar i nyttetraffic, fiskefartøy og fritidsbåtar

Det må visast varsemd ved lokalisering av tiltak i og i nærleiken av hamnene som kan hindre eller redusere tilkomst eller øvrig utnytting av området til det planlagte føremål. Dette gjeld særleg B-hamnene.

KYSTSONEPLAN FOR AUSTEVOLL

Plankart - forminska utgåve frå original målestokk
1:35 000.



KYSTSONEPLAN FOR AUSTEVOLL

PLANFRAMLEGG 1991 ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA, § 20-4

Badeplassar prioritert i kommuneplan/kystsonoplan



KATEGORI 1: BYGGEOMRÅDE

Akvakulturområde på land - AL



KATEGORI 4: OMRÅDER SOM ER BÅNDLAGT FOR NÆRMERE ANGITTE FORMÅL

Sikra/regulerte naturvernområde - SN



Sikra/regulerte friluftsområde - SF



KATEGORI 5: BRUK OG VERN AV SJØOMRÅDE

Akvakulturområde i sjø - AK



Fiskeområde

Fiskeplass/trålfelt - FI

Kaste-/låssettingsplass - KL



Fiske- og naturområde - FIN



Friluft- og naturområde - FN



Akvakultur, ferdsel- og fiskeområde - AFF



KATEGORI 6: VIKTIGE LEDD I KOMMUNIKASJONSSYSTEMET

Hamneområde - HA



Skipslei



Arbeid og tiltak som nemnd i PBL, §§ 84 og 93 må ikkje være i strid med den arealdisponering som er vist i planen.

Det er gitt nærare retningsliner for arealbruken i tekstdelen til planen.

Kartgrunnlag M 1:50 000 oppfotografert - tillatelsesnr. 93/91 Statens Kartverk.
Kartets målestokk: 1: 35 000.

Austevoll kommune/NIVA

Norsk institutt for vannforskning  NIVA

Postboks 69, 0808 Oslo